



Statsforvaltaren i Rogaland

Tilsynsrapport

Tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Tysvær kommune – Grinde skule
Januar 2024



Samandrag

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar i tilsynet med Tysvær kommune. Tema for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen varslar, undersøker og set inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen.

Vi har avdekt brot på regelverket og vedtar at de må rette forholda. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 1 første ledd bokstav b.

Vi har funne at Grinde skule i all hovudsak har ein praksis som oppfyller minstekrava for delpliktene å varsle, undersøke saka og sette inn tiltak. Vi har derimot funne at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk eller tilpassa for å kunne førebygge og hindre regelverksbrot, eller at kommunen følger opp og kontrollerer arbeidet med skulemiljøet.

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Kort om kommunen	3
1.2	Om gjennomføring og tema for tilsynet	3
2	Rettslege krav.....	4
2.1	Retten til eit trygt og godt skulemiljø	4
2.2	Kravet til internkontroll	6
3	Observasjonar av organiseringa i kommunen	7
4	Varslingsplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
4.1	Observasjonar	8
4.1.1	Malar og rutinar for varslingsplikta.....	8
4.1.2	Praksis	8
4.2	Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at varslingsplikta blir oppfylt ¹⁰	
5	Undersøkingssplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	12
5.1	Observasjonar	12
5.1.1	Malar og rutinar for undersøkingssplikta	12
5.1.2	Praksis	13
5.2	Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at undersøkingssplikta blir oppfylt	15
6	Tiltakssplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	17
6.1	Observasjonar	17
6.1.1	Malar og rutinar for tiltakssplikta.....	17
6.1.2	Praksis	17
6.2	Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at tiltakssplikta blir oppfylt ¹⁹	
7	Våre reaksjonar.....	20
7.1	Pålegg om å rette forholda	20
7.2	Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta	21
8	De har rett til å klage.....	21
	Liste over dokumentasjon.....	22

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunen følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. Vi kan også føre tilsyn med kommunen si plikt til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentlegheitslova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Tysvær kommune er ein del av Haugalandet og ligg nord i Rogaland fylke. Kommunen har 11 519¹ innbyggjarar og omlag 1650 av dei er elevar i grunnskulen.

I Tysvær kommune er det fem barneskular, to kombinert barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. Grinde skule er ein barneskule med 197 elevar.

1.2 Om gjennomføring og tema for tilsynet

Vi opna tilsyn med Tysvær kommune i brev av 26.06.2023. Vi har fått nok informasjon til å gjennomføre tilsynet.

Vi sende foreløpig rapport til dykk 11.12.2023. I den presenterte vi våre foreløpige vurderingar og konklusjonar. Vi fekk tilbakemelding på den foreløpige tilsynsrapporten frå dykk 21.12.2023.

Tema for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å varsle, undersøke og sette inn tiltak der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25- 1. Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. I den vidare gjennomgangen blir det rettslege grunnlaget presentert for tilsynet under *Rettslege krav*. I dei neste kapitla blir det for kvar delplikt gjennomgått observasjonar og vurderingar.

Under *Observasjonar* beskriv vi malar og rutinar som kommunen bruker for å legge til rette for ein praksis som er i tråd med regelverket på skulen. Under *Praksis* beskriv vi praksis på skulen ut i frå krava i §§ 9 A-4 og 9 A-5. Det er ei samla vurderinga av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at varslingsplikta, undersøkingsplikta og tiltaksplikta blir oppfylt, til slutt under kvar delplikt.

Tilsynsrapporten er eit offentleg dokument.

¹ [Kommunefakta – SSB](#)

2 Rettslege krav

2.1 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §§ 9 A-1 og 9 A-2. Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.

For å sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5. Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter, som er plikta til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak. I dette tilsynet skal vi undersøke om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skulen og skuleeigar varslar, undersøker og set inn tiltak dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen. Vidare kontrollerer vi om kommunen sikrar at saka blir undersøkt ved mistanke om, eller kjennskap til at det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga.

I tilsynet er det eit gjennomgåande tema om skulen og skuleeigar har vurdert omsynet til kva som er det beste for barnet og sørgt for at involverte elevar blir høyrde.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle delpliktene i aktivitetsplikta. Dette er også eit gjennomgåande tema i tilsynet. I tillegg må skulen eller skuleeigar lage ein skriftleg plan når det blir sett inn tiltak i ei sak.

For at aktivitetsplikta skal vere oppfylt, må skulen gjere det som er rimeleg å forvente gjennom heile saksforløpet.

Plikta til å varsle

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 andre ledd. Tidspunktet for når rektor skal bli varsla, må vurderast konkret i den enkelte saka. Kva som er det beste for barnet vil vere eit grunnleggande omsyn i denne vurderinga. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenker ein elev, skal vedkomande straks varsle rektor, jf. opplæringslova § 9 A-5. I tillegg skal rektor varsle skuleeigar. Dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein i skuleleiinga, skal den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga, straks varsle skuleeigar direkte, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Det blir ikkje stilt noko formkrav til varsla. Alle som arbeider på skulen, må kjenne til korleis og når varsling skal skje.

Plikta til å undersøke saka

Skulen skal snarast undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 tredje ledd. Dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skulen, skal undersøkingane bli sette i verk straks, jf. opplæringslova § 9 A-5. Kven på skulen som skal undersøke saka på vegner av skulen, må skulen fastsette konkret.

Dersom det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga, skal skuleeigar sørge for at undersøkingane blir sette i gang straks, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva for forhold i omgivnadene som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Skulen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i den enkelte saka. For å kunne sette inn eigna tiltak til beste for barnet i ein konkret situasjon, må skulen gjere nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12. Eleven har rett til å bli høyrd i skulemiljøsaker, jf. opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. Skulen og skuleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenker eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men også andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt saka skal undersøkast, må vurderast opp mot kva det er rimeleg å forvente etter ei fagleg vurdering. Her er omsynet til kva som er best for barnet eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenker, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skulen og skuleeigar må undersøke effektivt og så raskt som mogleg, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Plikta til å sette inn tiltak

Tiltak etter § 9 A-4

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, skal skulen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får det trygt og godt igjen.

Kva for tiltak som er eigna, kjem an på faglege og konkrete vurderingar. Kva barnet meiner og omsynet til kva som er best for barnet, er viktige moment i denne vurderinga. Kva for tiltak som er eigna, må vurderast konkret og kan vere retta både mot individnivå, gruppenivå og systemnivå.

Samla sett skal skulen gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å forvente i den enkelte saka.

Kor raskt skulen må sette inn tiltak, må vurderast konkret i den enkelte saka. Kva som er best for barnet vil vere eit grunnleggande omsyn i denne vurderinga.

Plikta til å sette inn tiltak kviler på skulen. Kva for tiltak som faktisk skal gjennomføre tiltaka, må skulen fastsette konkret.

Tiltak etter § 9 A-5

Dersom det er ein som arbeider på skulen som har krenkt ein elev, skal skulen sette i verk tiltak straks.

Dersom det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga, er det skuleeigar som har ansvaret for at skulen set inn tiltak straks.

Dokumentasjonskrav

Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set i verk tiltak. Dette følger av § 9 A-4 sjuende ledd. I planen skal det stå kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skulen har planlagt, når tiltaka

skal gjennomførast, kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka, og når tiltaka skal evaluerast.

2.2 Kravet til internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lovar og forskrifter blir følgde, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Kravet er eit viktig element i leiinga og styringa i kommunen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa storleiken på skulen og særpreget, aktivitetane og risikoforholda ved skulen, jf. kommunelova § 25-1 andre ledd.

Kommunedirektøren har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt, men kan delegere oppgåver knytte til internkontrollen. Kommunedirektøren er likevel ansvarleg og må følge opp at oppgåvene blir varetatt.

Kommunen skal gjennomføre risikovurderingar for å tilpasse omfanget av internkontrollen til dei områda der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

Krava til innhaldet i internkontrollen som går fram av § 25-1 tredje ledd bokstavane a-e, må sjåast i samanheng med første og andre ledd.

Kommunen skal beskrive hovudoppgåver, mål og organisering, og gi oversikt over korleis dei har fordelt oppgåver og myndigheit. Ut frå risikoen skal kommunen vurdere kva for rutinar og prosedyrar som er nødvendige, og i kva for grad dei skal vere skriftlege. Kommunen skal gjere rutinane kjende og tilgjengelege for dei som treng å vite om dei. Kommunen må jamleg skaffe seg oversikt over område med risiko for avvik og sette inn tiltak for å førebygge og hindre regelverksbrot. Kommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva for område dei skal følge med på, og korleis dei skal innhente informasjon eller bli informert av skulen. Kommunen må handtere avvik på ein måte som sørger for at regelverksbrot både blir rapportert og følgt opp.

Kommunen skal dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette må dei avgjere ut frå risikobiletet og formålet med internkontrollen. Kommunen skal halde seg jamleg orientert om tilstanden i skulen, evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

I tilsynet undersøker vi om internkontrollen i kommunen er tilpassa for å kunne førebygge og hindre regelverksbrot etter § 25-1, og korleis leiinga følger opp og kontrollerer arbeidet med skulemiljøet. Kommunen må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

3 Observasjonar av organiseringa i kommunen

Rådmann er øvste administrative leiar i organisasjonen. Tenesteområda er organisert i tre område med kommunalsjef som øvste leiar.

I delegeringsreglementet til kommunen² står det at kommunalsjef Oppvekst og kultur inngår i rådmannen si leiargruppe og har det overordna ansvaret for kommunen sine tenester innanfor skule, barnehage, kultur, PPT og helsestasjon.

Kommunalsjef har opplyst oss om at oppgåvene og oppfølginga på skuleområdet er delegert til skulesjef. Vidare står det i delegeringsreglementet at rektor har ansvar for den faglege, pedagogiske og administrative leiinga av skulen. Av intervjuet går det fram at skulesjef delegerer ansvar og oppgåver i internkontrollen til rektorane. Av dokumentet «Årsplan for tilrettelegging av et godt sosialt skulemiljø for elevene» med vedlegg går det fram at rektor har ansvar for informasjon og/eller opplæring av tilsette om opplæringslova kap. 9A og gjeldande rutinar/prosedyrar, samt ansvar for revisjon av årsplan og andre dokument.

I intervju med kommunalsjef blir det stadfesta at kommunen ikkje har gjort ei systematisk risikovurdering på overordna nivå, områdenivå, eller på skulenivå. Kommunen følger med på dei nasjonale undersøkingane og registrerer at skuleområdet har hatt positiv utvikling. Utviklinga kjem til uttrykk i den årlege kvalitetsmeldinga. Kommunalsjef seier vidare at det er variasjon mellom skulane, og at skulemiljø er eit område dei vil følge med på.

Kommunen utarbeidde i 2020 ein felles mal for plan for trygt og godt skulemiljø, samt felles prosedyrar og skjema for arbeidet med aktivitetsplikta på skulane. Vi vil omtale desse i vurderinga vår av om skulen oppfyller delpliktene.

Vi er kjende med at skulane i Tysvær har deltatt i Udir sitt kompetansehevingstiltak IBS (inkluderande barnehage og skulemiljø), enten i form av det samlingsbaserte opplegget, eller det nettbaserte (MOOC). Grinde skule deltok i pulje 5 i det samlingsbaserte opplegget som blei avslutta i 2022. Grinde skule har dei siste to åra også deltatt i eit endringsprosjekt med rettleiing frå Læringsmiljøsentret.

Skulen sitt arkivsystem er Websak. Skulane rapporterer i Framsikt. Kommunen sitt avvikssystem ligg per no i RiskManager. Skriftleggjorte rutinar og prosedyrar er samla på Teams. Kommunen er i overgang til nytt system; Compilo. Kommunen jobbar med å utarbeide nye rapporteringskrav og rutinar for oppfølging av skulane.

² [\[1\] Delegeringsreglement | Tysvær kommune \(kf.no\)](#)

4 Varlingsplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

4.1 Observasjonar

4.1.1 Malar og rutinar for varlingsplikta

Grinde skule sin plan for trygt og godt skulemiljø omtalar varlingsplikta tett opp til lovteksten og rundskrivet om skulemiljø. Skulen har i tillegg følgande dokument som omtaler plikta til å varsle; «Rutine ved negative og/eller uakseptable hendelser», «Rutine knyttet til hendelser på SFO», «Rutine; skjerpet aktivitetsplikt», og eit varlings skjema. I tillegg har skulen sendt inn kopi av Udir si nettside «Informasjon til elever og foreldre om skulemiljø». Desse dokumenta heng i klasserom og fellesareal på skulen.

I rutinane kjem det fram at dei vaksne skal snakke med leiinga ved krenkande/valdeleg åtferd, og elles omtaler rutinane at dei tilsette skal varsle når dei har mistanke eller kjennskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt. Varlings skjemaet viser til ulike teikn som kan gi *mistanke/kunnskap*, og at kjelda kan vere eigen observasjon eller frå andre.

Dersom rektor får varsel om at ein vaksen har krenka ein elev, skal ho melde frå til skulesjef straks. Det kjem også fram at den tilsette som får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga krenker elevar, sjølv skal varsle skuleeigar.

4.1.2 Praksis

Varslar alle som arbeider på skulen, ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen?

Dei tilsette stadfestar at dei er kjende med rutinar og skjema for å varsle, og at dei veit kor dei skal finne dokumenta. Dei fortel i eigenvurderinga og intervjuet at dei varslar rektor dersom dei har ein mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, eller dersom ein vaksen krenker ein elev. Dei ville ha varsla skuleeigar dersom det var ein i leiinga som krenkte.

Om varsling på SFO kjem det fram at tilsette kan snakke med kontaktlærer, skrive i loggbok, snakke om det på fredagsmøtet eller varsle rektor direkte. Tilsette på SFO er tydelege på at fysiske krenkingar skal varslast til rektor.

Rektor fortel i intervjuet at dei har arbeidd med haldningar og verdiar og for å implementere ein låg terskel for å varsle. I tillegg til varsla, vurderer skulen om resultatane frå Elevundersøkinga gir mistanke om at elevar ikkje har det trygt og godt.

Rektor har mottatt varsel etter §§ 9A-4 og 9A-5.

Vurdering

Vi meiner at intervjuet og tilsendt dokumentasjon på varsel viser at dei tilsette har ei felles forståing for at trygt og godt handlar om meir enn fråvær av mobbing og krenkingar, og at det blir varsla både ved mistanke og kjennskap. Vi vurderer at det er sannsynleg at dei tilsette har låg terskel for å varsle om forhold i skuletida, i tråd med rektor sine føringar.

Alle tilsette er klare på at dei vil varsle rektor dersom dei har mistanke om eller kjennskap til at ein vaksen krenker elevar, og varsle skuleeigar dersom det er ein i leiinga som krenker, og vi er kjent med at rektor har mottatt varsel. På grunnlag av intervju og dokumentasjonen finn vi det sannsynleg at alle tilsette ville ha varsla i tråd med § 9 A-5.

Intervju gir oss ikkje klare svar på om rutinen for å varsle er implementert på SFO. Vi finn ulik forståing for terskelen for å varsle rektor, og korleis varslinga skal skje.

Vi vurderer at dei tilsette på skulen varslar rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt i skuletida, og dersom elevar blir krenkt av ein som arbeider på skulen. Derimot vurderer vi at det er risiko for at rektor ikkje blir varsla ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på SFO.

Vår konklusjon er at skulen ikkje oppfyller alle krava i regelverket på dette punktet.

Varslar rektor skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om at ein som arbeider på skulen, har krenkt ein elev?

Rektor skriv i eigenvurderinga at ho varslar i tråd med kravet over. I intervjuet seier ho at ho på eige initiativ har oppdatert skulesjef ein gong i månaden om alle skulemiljøsaker. Vidare at ho tar opp alvorlege saker og at ho har varsla etter § 9 A-5. Skulesjef og kommunalsjef stadfester denne praksisen i intervju.

Vurdering

Rutinen og skulen sin praksis samsvarer ved at rektor varslar skuleeigar dersom ho har mistanke om at ein som arbeider på skulen har krenkt ein elev.

Rutinen omtaler at rektor skal varsle skulesjef, men det er ikkje definert kva som er alvorlege tilfelle. Vi forstår at det er opp til rektor å vurdere kva som er alvorlege tilfelle, og som dermed skal varslast til skulesjef. På bakgrunn av intervju finn vi det sannsynleg at rektor gjer desse vurderingane, og at ho varslar skulesjef i alvorlege tilfelle.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Varslar alle som arbeider på skulen, i tide avhengig av alvorret i situasjonen?

Dei tilsette seier i eigenvurdering og intervju at dei varslar rektor raskt. Det vil seie same dag eller dagen etter. Det kjem fram i intervju at dei tilsette av og til vurderer om dei skal sjekke ut mistanken sin med elev, føresette eller andre tilsette før dei varslar rektor.

På same måte viser eigenvurdering og intervju at dei tilsette veit at dei skal varsle rektor straks dersom dei har mistanke om eller kjennskap til at ein vaksen krenker ein elev.

Rektor seier i intervjuet at ho ikkje har differensiert kor raskt dei tilsette skal varsle i dei ulike sakene. For å implementere ny praksis for varsling, har det vore viktig for henne å ta i mot alle varsla raskt, slik at ho sjølv kan vurdere kor alvorleg saka er.

Rektor seier at ho varslar skuleeigar same dag dersom ho mottok varsel etter § 9 A-5, og at det kan gå 1-3 dagar før ho varslar skuleeigar om andre alvorlege saker.

Vurdering

Rektor har ikkje differensiert kor raskt dei tilsette skal varsle i ulike saker utanom at det skal varslast så raskt som mogleg når det gjeld § 9 A-5. Rutinen og rektor si forventning er at alle saker, uavhengig av alvor, skal varslast same dag dersom det er praktisk mogleg. Regelverket

krev at dei tilsette skal vurdere konkret kor raskt dei skal varsle i den enkelte saka. På bakgrunn av intervjuet finn vi det sannsynleg at tilsette både vurderer når dei skal varsle og at dei gjer det i tide. Vi meiner at dei tilsette sin praksis både er hensiktsmessig og i tråd med regelverket.

Vi finn også at rektor varslar skuleeigar i tide.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta?

Dei samla funna viser at skulen har eit varslingsskjema, at dette er i bruk og at varsling blir arkivert i skulen sitt arkivsystem.

Vurdering

Vi vurderer at skulen dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta, og oppfyller dermed krava på dette punktet.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

4.2 Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at varslingsplikta blir oppfylt

Reglane om internkontroll krev at kommunen må tilpasse internkontrollen til den enkelte skule ut frå storleiken, eigenarten, aktivitetane og risikoforhold. Det betyr at kommunen må skaffe seg oversikt over praksis, kor det kan svikte og kva konsekvensar det kan gi. Hensikta med risikovurderinga er at kommunen skal ha grunnlag for å vurdere kva styringstiltak som vil vere nødvendige. Eksempel på kjelder i risikovurderinga kan vere klagesaker, annan informasjon om skulemiljø, avviksmeldingar og tilsyn.

Kommunen må, på bakgrunn av risikovurderingane, vurdere kva for styringstiltak som er nødvendige for å sikre at alle som arbeider på skulen, oppfyller varslingsplikta. Tiltak kan for eksempel vere styrande dokument, organisatoriske tiltak, tydeleggjering av ansvarslinjer, rapportering, planar og rutinar, avvikshandtering og opplærings- og kompetansehevingstiltak.

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller forebygge brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta?

Kommunalsjef stadfester i intervjuet med oss at kommunen ikkje har gjort systematiske risikovurderingar på skulenivå, men at dei har utarbeidd rutinar og prosedyrar på grunnlag av Statsforvaltaren sitt tilsyn på to andre skular i 2019.

Kommunalsjef seier vidare at dei følgde opp skulen sitt arbeid med plan og rutinar i 2020. I innsend rapportering frå det tidspunktet finn vi ikkje at Grinde skule si rapportering gav informasjon eller vurderingar av skulen si aktivitetsplikt og plikt til å varsle. Rapporteringskravet for skulen har i ettertid vore å melde inn talet på saker ein gong i året. I innsend dokumentasjon frå dialog- og styringsmøte frå seinare tid, finn vi ikkje at plikta til å varsle har vore eller skal vere tema i dialogen med rektor. Dette blir stadfesta av rektor.

Vi finn at kommunen har utarbeidd felles malar og rutinar for å bidra til at skulane oppfyller varslingsplikta. Derimot finn vi at rektor på Grinde skule berre delvis er gjort kjende med desse, og at skulen av den grunn har utarbeidd egne rutinar. Vidare finn vi at rektor har jobba systematisk med haldningar og verdiar i personalet, og med å implementere rutinar for å varsle.

Vi har funne at rektor bad skulesjef om hjelp i arbeidet med skulemiljø kort tid etter at ho begynte på skulen, og at det resulterte i rettleiing frå Læringsmiljøsentret. Kommuneadministrasjonen har også tilrettelagt for kompetanseutvikling gjennom IBS. Rektor seier at bidraga har vore til hjelp i arbeidet med å etablere god praksis.

Vurdering

Vi finn at kommunen har utarbeidd malar og prosedyrar for å forebygge svikt på varslingsplikta, men finn ikkje at de har sørgt for å gjere dei kjende for Grinde skule. Dermed har ikkje tiltaket hatt betydning for skulen sin praksis. I kravet til å ha nødvendige rutinar og prosedyrar ligg det også at kommunen må gjere dei kjende og tilgjengelege for dei det gjeld.

Vi finn det sannsynleg at kommunen har forebygd brot gjennom kompetansehevande tiltak, men tiltaka har til dels vore avhengig av at rektor på eige initiativ har bedt om hjelp. Våre undersøkingar viser ikkje at kommunen jamleg innhentar nødvendig informasjon eller at dei vurderer risiko for svikt på bakgrunn av informasjonen dei får. Vår vurdering er derfor at internkontrollen er tilfeldig og personavhengig, framfor systematisk og tilpassa for å forebygge brot. Når arbeidet er basert på tilfeldig og personavhengig informasjon, har kommunen ikkje det grunnlaget som trengs for å utarbeide *nødvendige* rutinar og prosedyrar.

Vår vurdering er dermed at kommunen ikkje har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa for å hindre og forebygge brot på varslingsplikta på Grinde skule.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

Kommunen skal bruke internkontrollen til å avdekke og følge opp brot på varslingsplikta som allereie har skjedd og risiko for at plikta ikkje blir oppfylt. For å kunne avdekke avvik og risiko for avvik systematisk, er kommunen avhengig av informasjon om praksis på skulen.

Undersøkingane våre viser at kommunen har eit avvikssystem. Tilsette seier at dei melder avvik på elevåtferd. Kommunal- og skulesjef stadfester at dei ikkje har mottatt avvik på regeletterleving på området.

Vidare har vi funne at rapporteringskravet til skulen er å rapportere talet på skulemiljø saker.

Innsend dokumentasjon viser at skulesjef har faste møte med rektor og leiinga. I innsende notat frå dialog- og styringsmøte i 22/23 finn vi ikkje at varslingsplikta eller andre delplikter i aktivitetsplikta har vore tema. Kvalitetsårshjul for 23/24 viser at plan for trygt og godt skulemiljø skal vere tema i to møte. Skulen sin praksis for å varsle er ikkje spesielt omtalt i kvalitetshjulet. Rektor stadfester i intervju med oss at kommunen ikkje har etterspurt praksis i tilknytning til varslingsplikta eller dei andre delpliktene.

Vi finn at rektor innhentar informasjon om korleis skulen oppfyller varslingsplikta, og gjer vurderingar av om det er risiko for brot. Vi finn ikkje at kommunen har sørgt for at dette blir gjort, eller at dei etterspør denne informasjonen frå rektor.

Når det gjeld kravet til å evaluere internkontrollen finn vi at kommunen har ei føring i årsplanen om at skulen skal revidere årsplanen og andre dokument. Vi finn derimot ikkje at årsplanen og føringa er gjort kjend for rektor.

Vurdering

Kommunen er ansvarleg for at internkontrollen er systematisk og tilpassa skulen. Sjølv om oppgåver er delegerte til andre/rektor, må kommunen følge opp at internkontrollen fungerer slik at tilsette oppfyller varslingsplikta i samsvar med regelverket.

Vi har funne at praksis på Grinde skule i hovudsak oppfyller minstekrava i varslingsplikta, men vi meiner at det er høg risiko for at mistanke om at ein elev opplever miljøet på SFO som utrygt, ikkje blir varsla til rektor. Vi har likevel ikkje funne at kommunen har avdekka brot og følgd det opp. Vi ser det i samanheng med at kommunen ikkje innhentar informasjon om tilstanden på skulen utover avvikssystemet og talet på skulemiljøsaker.

Vi er kjende med at kommunen jobbar med å forbetre internkontrollen. Vår vurdering er likevel at arbeidet på tidspunktet for våre undersøkingar ikkje var basert på vurderingar av risiko på område- og skulenivå for å tilpasse kva informasjon kommunen treng, korleis den skal hente inn informasjonen og korleis den skal følgjast opp. Då kommunen ikkje kjenner til tilstanden på skulen har dei heller ikkje grunnlag for å evaluere skriftlege prosedyrar og andre tiltak i internkontrollen.

På grunnlag av vår kjennskap til rapporteringskrav, avviksmeldingar og innhald i styringsdialogen og annan dialog med rektor, finn vi ikkje at kommunen har innhenta nødvendig informasjon om regeletterlevinga på Grinde skule. Vår vurdering er dermed at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk og tilpassa for å avdekke brot på varslingsplikta. Som følge av dette set ikkje kommunen inn korrigerande tiltak for å rette opp praksis.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

5 Undersøkingssplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

5.1 Observasjonar

5.1.1 Malar og rutinar for undersøkingssplikta

Grinde skule sin plan for trygt og godt skulemiljø omtalar plikta til å undersøke saka tett opp til lovteksten og rundskrivet om skulemiljø. I planen finn vi ei oversikt over ulike verktøy som Spekter, sosiogram, kartlegging av det sosiale miljøet og Innblikk. Skulen har også lagt ved ei utfyllande skildring av undersøkingar, der fleire verktøy er lista opp, i tillegg til refleksjonsspørsmåla *Hvorfor gjør vi dette? Hva vil vi bruke det til? Hvem skal delta? Hvordan analyserer vi? Hvordan gjennomfører vi? Kva trenger elevene i forkant?*

I rutinen «Tiltakstrapp ved uakseptabel atferd/krenkelser» står det at skulen skal ha individuelle samtaler med elev/elevlar der dei mellom anna skal finne ut kva som ligg bak handlingsmønsteret. I «Rutiner for å trygge elever og foresatte etter hendelser» står det at skulen skal snakke med elev og føresette for å finne ut kva behov dei har for å føle seg trygge og ivaretatt på skulen.

Malen for aktivitetsplan inneheld punkt for at elev og føresette skal få informasjon og bli høyrte, og for å beskrive situasjonen etter informasjonsinnhenting/ kartlegging. I tillegg har malen punktet *Hvilke problemer skal tiltakene løse.*

I skulen sin rutine for skjerpa aktivitetsplikt står det at rektor har samtale med elev og tilsett same dag. I planen for trygt og godt skulemiljø står det at rektor skal undersøke saka straks.

5.1.2 Praksis

Undersøker skulen saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Eigenvurdering og intervju viser at skulen startar undersøkingar i løpet 1-3 dagar. Det inneber at dei ofte startar med usystematiske observasjonar og elevsamtalar same dag, og at dei saman med trinnet og rektor avklarar kva undersøkingar dei skal gjennomføre vidare.

Rektor opplyser at skulen går i gang med undersøkingar med ein gong, og at dei har som mål å få undersøkt saka godt nok til å kunne sette inn tiltak i løpet av ei veke.

Dokumentasjon i elevsaker viser at det er kort tidsspenn mellom varsel og at skulen set inn tiltak, og at skulen har undersøkt i dette tidsspennet i alle sakene.

Vurdering

Informasjon ifrå dei tilsette viser at det er deira praksis å sette i gang med undersøkingar same dag, eller så raskt som mogleg.

Regelverket krev at skulen snarast skal gjennomføre dei undersøkingane som det er rimeleg å forvente. Rutinane for å undersøke saka omtaler ikkje tidsspennet utover referanse til lovteksten. Funna våre viser likevel at skulen startar med universelle undersøkingar raskt, og at dei deretter gjennomfører andre undersøkingar så snart som mogleg.

Vi vurderer at skulen har ein praksis som er rimeleg å forvente, då ulike undersøkingar krev ulik førebuing og gjennomføring.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Undersøker skulen/skuleeigar saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen?

Rektor seier i eigenvurdering og intervju at ho har samtalar med eleven og den vaksne det gjeld same dag. Dokumentasjon i saker stadfester dette, og det samsvarer med rutinen.

Skuleeigar har ikkje sjølv undersøkt ei sak, men seier at ho ville ha sett i gang straks.

Vurdering av skulen

På same måte som vi har vurdert at det er rimeleg å forvente at dei tilsette startar undersøkingane med å ha samtale med elevar raskt, er det rimeleg å forvente at rektor har samtale med dei involverte same dag som ho blir varsla etter § 9 A -5. Denne praksisen samsvarer også med skulen sine rutinar for den skjerpa aktivitetsplikta.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje fått varsel om at ein i leiinga har krenkt elevar. På bakgrunn av dei samla funna våre meiner vi at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha undersøkt saka straks dersom ho hadde motteke eit varsel etter § 9 A - 5.

Vår konklusjon er at skuleeigar oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Gjennomfører skulen/skuleeigar dei undersøkingane som det er rimeleg å forvente utifrå ein fagleg standard?

I eigenvurderinga og intervjuar svarar tilsette at dei bruker ulike metodar for å undersøke saka, som for eksempel Spekter, relasjonskartlegging, observasjon og samtalar. Dei tilsette greier grundig ut om korleis dei bruker dei ulike verktøya, og kva hensikta kan vere og kva omsyn dei tek i gjennomføringa. Dei fortel at undersøkingane blir valt og gjennomført i samarbeid med leiinga, og at dei kan få rettleiing frå PPT dersom dei har behov. Etter at undersøkingane er gjennomførte, diskuterer dei tilsette kva undersøkingane viser, og kva tiltak dei må sette inn.

Rektor beskriv ein lik praksis som dei tilsette, og seier at ho tidlegare har gjennomført delar av undersøkingane, mens ho no overlèt meir til lærarane. Ho har framleis ansvaret for at undersøkingane blir gjennomførte.

Elevar og føresette fortel at dei har opplevd at dei har blitt høyrte når saka blei undersøkt. Dei kan ikkje hugse om dei har fått informasjon om andre undersøkingar, men veit har dei har hatt jamlege og planlagde møte med skulen i heile prosessen.

Skuleeigar har ikkje sjølv undersøkt saker.

Vurdering av skulen

Regelverket krev at det skal vere klart kven som skal undersøke saka på vegne av skulen/skuleeigar. Rektor har ikkje delegert dette på skulen, og vi legg derfor til grunn at ho delegerer oppgåver knytt til å undersøke saka i kvart enkelt tilfelle.

Vidare skal undersøkingane ha ein fagleg standard. Skulen sine rutinar viser til metodar som er anerkjente av fagmiljø. Dei innsende sakene viser at skulen bruker desse metodane, og dette blir også stadfesta i intervjuar. Vi finn at skulen sin praksis er å undersøke for å belyse eleven si oppleving, fakta om situasjonen og forhold i omgivnadane, slik regelverket krev.

Som ein del av den faglege standarden skal skulen vurdere kor grundige undersøkingane skal vere, der sakas alvor og eleven si sårbarheit er ein del av vurderinga. Vi finn at refleksjonsspørsmåla i rutinen legg til rette for ei slik vurdering, i tillegg til at dei tilsette stadfester i intervju at dei er kjende med kva elevar som er særskilt sårbare, og at dei tek omsyn til dette. Dei tilsette seier at dei diskuterer og planlegg kva undersøkingar dei skal gjennomføre i kvar enkelt sak.

Alle involverte har rett til å bli høyrte. Malen for aktivitetsplan viser at skulen skal spør eleven det gjeld om kva ønsker og innspel eleven har. Innsende saker og samtale med elevar og føresette stadfester at dette er skulen sin praksis. Rutinane for oppfølging etter hendingar viser også at andre involverte elevar skal bli høyrte.

Skulen skal vurdere undersøkingane dei har gjennomført for å kunne kome fram til kva problem tiltaka skal løyse og finne eigna tiltak. Dei tilsette fortel at dei har møte der dei diskuterer kva undersøkingane viser. Malen for aktivitetsplan etterspør også dette.

Vi er kjende med at rektor har gjennomført samtalar etter varsel om vaksenkrenkingar. Skulen sine rutinar for å undersøke etter § 9 A-5 omtaler ikkje andre metodar enn samtalar med dei involverte, og viser heller ikkje til at rektor skal bruke rutinen for å undersøke etter § 9 A-4 som utgangspunkt. Mistanke om at ein vaksen krenker ein elev vil kunne krevje andre typar

undersøkingar enn i § 9 A-4-saker, fordi dei må belyse den vaksne sine handlingar³. Eit viktig føremål med undersøkingane vil også vere å avdekke om det har skjedd objektive krenkingar frå den vaksne, eller om eleven av andre årsaker opplever å ikkje ha det trygt og godt. Sidan skulen sine rutinar ikkje omtalar undersøkingar spesielt for § 9 A-5, og rektor heller ikkje har synleggjort for oss korleis ho ville ha undersøkt spesielt, meiner vi at det ikkje er sannsynleggjort skulen oppfyller regelverket på dette punktet.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i § 9 A-4, men ikkje etter § 9 A-5 på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Vi legg til grunn at skuleeigar ville ha brukt rutinen for skjerpa aktivitetsplikt. Vi er derfor i tvil om skuleeigar hadde gjort dei undersøkingane som det er rimeleg å vente utifrå ein fagleg standard.

Vår konklusjon er at skuleeigar ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Dokumenterer skulen/skuleeigar kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøke saka?

Dei tilsette seier at dei legg dokumentasjon på funna frå undersøkingane i Websak, og vi er kjende med eksempel på dette. Rektor stadfester at dette er skulen sin praksis. Innsende aktivitetsplanar viser at skulen refererer til undersøkingane, og malen har eit punkt for å beskrive situasjonen etter informasjonsinnhenting/kartlegging.

Skuleeigar har ikkje sjølv gjennomført undersøkingar.

Vurdering av skulen

Skulen dokumenterer funna ifrå undersøkingane. Innsende aktivitetsplanar viser at skulen til ei viss grad dokumenterer vurderingane av funna i aktivitetsplanane. Vi har over stadfesta at skulen vurderer funna ifrå undersøkingane, og vi meiner at malen for aktivitetsplan legg til rette for at skulen skal dokumentere desse vurderingane. Vi vurderer derfor at det er sannsynleg at skulen dokumenterer korleis dei oppfyller aktivitetsplikta.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje undersøkt sak sjølv, men vi meiner at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha dokumentert undersøkingane for å ivareta både den tilsette og eleven sine rettar.

Vår konklusjon er at skuleeigar oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

5.2 Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at undersøkingsplikta blir oppfylt

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller forebygge brot på plikta til å undersøke og dokumentere?

Vi finn at kommunen har utarbeidd felles rutinar for å bidra til at skulane oppfyller undersøkingsplikta. Derimot finn vi at rektor på Grinde skule ikkje er gjort kjent med desse, og at

³ Risikofaktorer for at vaksne krenker kan være adferdsproblemer og anti-sosial atferd hos elever, dårlig relasjon mellom elev og lærer, lærers behov for makt og dominans og autoritær eller forsømmende lederstil.
<https://www.uis.no/nb/forskning/voksne-som-krenker-barn-pa-skulen-et-globalt-problem>

skulen av den grunn har utarbeidd egne rutinar. Vidare finn vi at rektor har jobba systematisk med haldningar og verdiar i personalet, og med å implementere rutinane.

Dei samla funna våre i tilknytning til undersøkingsplikta er like for varslingsplikta; Vi finn ikkje at kommunen jamleg etterspør eller skaffar seg nødvendig informasjon om arbeidet på skulen, eller at dei utarbeider nødvendige rutinar og prosedyrar på bakgrunn av ei vurdering av risiko på Grinde skule. Grunngivinga vår kjem fram i vurderinga av om kommunen sikrar at varslingsplikta blir oppfylt.

Vi vurderer at kommunen sitt arbeid for å hindre eller forebygge brot ikkje er basert på nødvendig informasjon, og at kommunen dermed ikkje har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa for å hindre og forebygge brot på plikta til å undersøke på Grinde skule.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at plikta til å undersøke og dokumentere ikkje blir oppfylt?

Vi har funne at det er sannsynleg at Grinde skule oppfyller minstekrava i undersøkingsplikta etter § 9 A-4, men vi har funne risiko for at skulen ikkje gjennomfører undersøkingar i saker etter § 9 A – 5 som ein ut ifrå ein fagleg standard med rimelegheit kan forvente.

For å kunne avdekke avvik og risiko for avvik systematisk, er kommunen avhengig av informasjon om tilstanden på skulen. Vi viser til vurderinga vår av om kommunen gjennom internkontrollen avdekker og følger opp brot på varslingsplikta. Funna er like, og vi legg til grunn dei same vurderingane for at kommunen ikkje innhentar nødvendig informasjon om regeletterlevinga på Grinde skule til å kunne avdekke brot på undersøkingsplikta.

Vi legg altså til grunn at kommunen ikkje har vore kjend med skulen sin praksis, og at dei ikkje har sett inn tiltak for å korrigere praksis. Vi vurderer at det har samanheng med at dei ikkje innhentar nødvendig informasjon og følger opp skulen på ein systematisk og tilpassa måte. Vurderinga blir også styrka av at kommuneadministrasjonen sjølv svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

Vi er kjent med at kommunen jobbar med å forbetre internkontrollen. Vår vurdering er likevel at arbeidet på tidspunktet for våre undersøkingar ikkje var basert på vurderingar av risiko på område- og skulenivå for å tilpasse kva informasjon dei treng, korleis dei skal innhente informasjonen og korleis dei skal følge opp informasjonen. Då kommunen ikkje kjenner til tilstanden på skulen har dei heller ikkje grunnlag for å evaluere skriftlege prosedyrar og andre tiltak i internkontrollen.

Vår vurdering er at kommunen sin internkontroll ikkje er systematisk og tilpassa for å avdekke brot på undersøkingsplikta. Som følge av dette set ikkje kommunen inn korrigerande tiltak for å rette opp praksis.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

6 Tiltaksplikta – våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

6.1 Observasjonar

6.1.1 Malar og rutinar for tiltaksplikta

Skulen sin plan for trygt og godt skulemiljø omtaler plikta til å sette inn tiltak tett opp mot lovteksten og Udir sitt rundskriv om skulemiljø. I tillegg finn vi omtale av plikta i rutine for å trygge elevar og føresette etter hendingar og skjerpa aktivitetsplikt. I begge rutineane står det at skulen skal sette inn tiltak for å trygge eleven slik at hen kjem på skulen neste dag. På trinn 2 i «Tiltakstrappa ved uakseftabel atferd/krenkelsar» står det at *skulen skal iverksette konkrete tiltak* som skal hjelpe til å endre åtferd saman med eleven. I rutinen for skjerpa aktivitetsplikt står det at skulesjef/rektor vurderer tiltak dag to etter hendinga. Det står også at skulen *skal sette inn tiltak med en gang for at eleven skal komme på skulen neste dag*.

I mal for aktivitetsplan er det lagt inn punkt for tiltak, tidspunkt for gjennomføring, kven som er ansvarleg og dato for evaluering. Vi finn punkt for at elev og foreldre er høyrte og kva problem tiltaka skal løyse. Av evalueringsskjemaet går det fram at skulen, elev og føresette skal evaluere kvart tiltak, samt moglegheit for å ta bort, legge til, justere og endre tiltak.

6.1.2 Praksis

Set skulen inn tiltak så raskt som saka tilseier, når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt godt, eller undersøkingane viser det?

I eigenvurdering og intervju kjem det fram at skulen set inn strakstiltak i sakene, i tillegg til at dei set inn ulike tiltak etter at dei har undersøkt saka nærmare. Tidsaspektet er berre omtala i høve til strakstiltak i skulen sine rutinar, men dokumentasjon i enkeltsaker viser at skulen set inn tiltak raskt, vanlegvis etter ei veke.

Vurdering

På bakgrunn av dei samla funna vurderer vi at det er sannsynleg at skulen set inn tiltak raskt dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Set skulen/skuleeigar inn tiltak straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenkt av ein som arbeider på skulen, eller ein i skulen si leiing?

I skulen sine rutinar står det at rektor skal sette inn tiltak dag to etter hendinga, i tillegg til strakstiltak. Rektor stadfester dette i intervjuet og i eigenvurderinga.

Skuleeigar seier at ho ville ha brukt skulane sine rutinar dersom ho skulle ha sett inn tiltak.

Vurdering av skulen

Vi kjenner ikkje til dokumentasjon på at rektor har sett inn tiltak etter § 9 A-5, men på bakgrunn av dei samla funna legg vi til grunn at ho ville ha følgt rutinen.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Vi er ikkje kjende med at skuleeigar har sett inn tiltak etter § 9 A-5, men legg til grunn at ho ville ha følgt rutinen.

Vår konklusjon er at skuleeigar oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Vurderer skulen/skuleeigar konkret kva tiltak som er eigna?

I intervju og eigenvurdering seier tilsette at dei vurderer konkret kva tiltak som er eigna i kvar enkelt sak. Dette gjer dei i samråd med rektor, elev og føresette. Skulen har ikkje ein ressursbank med tiltak, men dei spør rektor om rettleiing ved behov. Dei legg vekt på kva som er til eleven sitt beste, og legg særleg vekt på eleven sitt syn og sårbarheit. Dei seier at dei vurderer kva som vil vere eigna tiltak både i lys av eleven sitt behov, og omsyn til andre elevar.

Rektor stadfester dei tilsette sin praksis, og seier at ho legg vekt på samanhengen mellom det som har skjedd, eleven sitt beste og tiltak på ulike nivå. Ho bruker også ressurssidene til Udir i arbeidet med å finne eigna tiltak. Rektor seier at ho planlegg å legge til ei vurdering av kva som er til beste for eleven i malen for aktivitetsplan, og vi er gjort kjend med eit eksempel på ei vurdering.

Føresette seier at dei får kome til forslag til tiltak, og at dei får seie si meining om tiltaka skulen meiner er eigna.

Innsende aktivitetsplanar viser at skulen set inn ulike typar tiltak på ulike nivå.

Vurdering av skulen

Vi har ikkje mottatt referat frå møte der dei tilsette vurderer kva tiltak som er eigna. Vi meiner likevel at dei samla funna våre viser at det er sannsynleg at skulen sin praksis er slik dei tilsette beskriv. Sjølv om skulen ikkje har dokumentert konkrete vurderingar av kva som er til eleven sitt beste, gir dei samla funna nok informasjon til at vi finn det sannsynleg at skulen gjer ei konkret vurdering av kva som er til beste for eleven. På grunnlag av dei innsende aktivitetsplanane vurderer vi at skulen set inn dei tiltaka som er rimeleg å forvente i den enkelte saka.

Regelverket krev at dersom skulen set inn tiltak mot andre elevar, har dei rett til å uttale seg om tiltaket. Vi er ikkje kjende med konkrete eksempel på at skulen har sett inn tiltak mot andre elevar, men legg til grunn at skulen vil følge tiltakstrappa, og dermed høyre involverte elevar.

Skulen har ikkje dokumentert tiltak etter § 9 A-5, men meiner at det er sannsynleg at rektor ville ha gjort tilsvarande vurderingar som skulen gjer når dei set inn tiltak etter § 9 A-4.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje sett inn tiltak etter § 9 A-5. Å sette inn tiltak etter § 9 A-5 er krevjande, særleg dersom det er imot ein i skuleleiinga. Vi meiner derfor at det er sannsynleg at skuleeigar ville ha gjort vurderingar av kva tiltak som ville vore eigna for i ivareta både den tilsette og eleven sine rettar.

Vår konklusjon er at skuleeigar oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Evaluerer skulen/skuleeigar tiltaka jamleg, og blir tiltaka endra ved behov?

I intervju og eigenvurdering seier tilsette og rektor at dei set av tid til å evaluere aktivitetsplanen. Rektor sjekkar ut om dei tilsette gjennomfører tiltaka som planlagt for å fange opp dersom det er

utfordringar eller manglar. Rektor forventar også at dei tilsette tek kontakt dersom dei ikkje får gjennomført tiltaka som planlagt. Ansvarleg lærar hentar inn informasjon frå skulen og evt. SFO før evalueringsmøtet.

I intervju kjem det fram at skulen fortset med tiltaka dersom føresette eller elev framleis ønsker det, og at evalueringa ofte viser at dei må endre tiltak. Dersom skulen må fortsetje med einskilde tiltak for at eleven skal oppleve å vere trygg, vurderer dei om desse tiltaka skal bli ein del av skulen sin praksis.

Føresette opplever at dei og eleven blir høyrte i evalueringa.

Vurdering av skulen

Dokumentasjonen viser at skulen, saman med elev og føresette, systematisk evaluerer tiltaka i aktivitetsplanen. Skulen innhentar nødvendig informasjon frå gjennomføringa av tiltaka, frå elev og føresette. I referat frå evalueringsmøte kjem det fram at skulen vurderer om det er behov for å endre, justere, ta bort eller legge til tiltak. Dokumentasjonen viser at skulen følger opp vurderingane og at dei legg vekt på kva eleven ønsker.

Vi meiner derfor at skulen har vist at dei evaluerer tiltaka jamleg, og at dei blir endra ved behov.

Vår konklusjon er at skulen oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Vurdering av skuleeigar

Skuleeigar har ikkje sett inn tiltak etter § 9 A-5, og har dermed heller ikkje evaluert tiltak. I rutinen for 9 A-5 finn vi berre ei føring for at tiltaksplanen skal evaluerast, men vi meiner at rutine og malane samla sett gir tilstrekkelege føringar til at skuleeigar ville evaluert tiltaka i samsvar med regelverket. Vi legg derfor til grunn at skuleeigar ville ha følgd rutine som er utarbeidd av kommunen.

Vår konklusjon er at det er sannsynleg at skuleeigar oppfyller lovkrava på dette punktet.

Lagar skulen/skuleeigar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og inneheld den skriftlege planen minimumskrava til innhald?

Innsendt dokumentasjon, eigenvurdering og intervju viser at skulen bruker malen for aktivitetsplan.

Vurdering av skulen og skuleeigar

Dei samla funna våre viser at mal til aktivitetsplan inneheld minimumskrava til innhald, og at malen blir brukt når skulen set inn tiltak i saker. Vi legg til grunn at skuleeigar ville ha brukt same mal.

Vår konklusjon er at skulen og skuleeigar oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

6.2 Vurdering av om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at tiltaksplikta blir oppfylt

Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller forebygge brot på tiltaksplikta og dokumentasjonsplikta?

Dei samla funna våre i tilknytning til tiltaksplikta er lik funna for varslingsplikta; Vi finn ikkje at kommunen jamleg etterspør eller skaffar seg nødvendig informasjon om arbeidet på skulen, eller

at dei utarbeider nødvendige rutinar og prosedyrar på bakgrunn av ei vurdering av risiko. Funna og grunngevinga vår kjem fram i vurderinga av om kommunen sikrar at varslingsplikta blir oppfylt. Vurderinga blir styrka av at kommuneadministrasjonen sjølv svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

Vår vurdering er at kommunen ikkje har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa for å hindre og forebygge brot på tiltaksplikta på Grinde skule.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

I våre undersøkingar finn vi ikkje at de har tilpassa innhentinga av nødvendig informasjon for å avdekke brot ut frå kjennskap til skulen og skulen sin praksis. Funna og grunngevinga for vår vurdering er lik som for varslingsplikta.

På det grunnlaget oppfyller de ikkje kravet til at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa skulens storleik, eigenart, aktivitet og risikoforhold for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik. Vurderinga vår blir styrka av at dei sjølv svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga.

Sjølv om vi har funne det sannsynleg at Grinde skule oppfyller minstekrava i tiltaksplikta, må kommunen sjølv vurdere tilstanden og risiko og tilpasse oppfølginga deretter. Vurderinga får følgeleg betydning for kravet til å evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Vår konklusjon er at kommunen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

7 Våre reaksjonar

7.1 Pålegg om å rette forholda

Vi har avdekt brot på regelverket. Vi pålegg kommunen å rette opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

- 1. Tysvær kommune må sikre at alle som arbeider på Grinde skule, oppfyller plikta til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9A-5, jf. kommunelova § 25-1. Det betyr at:**
 - Alle som arbeider på skulen skal varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.
 - Kommunen skal tilpasse internkontrollen for å hindre eller forebygge brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta.
 - Kommunen skal avdekke og følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.
- 2. Tysvær kommune skal sikre at Grinde skule og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen, jf. opplæringslova 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova 25-1. Det betyr at:**

- Skulen og skuleeigar skal gjennomføre dei undersøkingane som er rimelege å forvente utifrå ein fagleg standard.
- Kommunen skal tilpasse internkontrollen for å hindre eller forebygge brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.
- Kommunen skal avdekke og følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.

3. Tysvær kommune skal sikre at Grinde skule og skuleeigaren tar i vare plikta til å sette inn tiltak slik at elevane for eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1. Det betyr at:

- Kommunen skal tilpasse internkontrollen for å hindre eller forebygge brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.
- Kommunen skal avdekke og følge opp med korrigerande tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan blir oppfylt.

7.2 Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta

De skal iverksette tiltak for å rette brot på regelverket med det same. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de har retta. De skal erklære at rettinga er gjennomført og greie ut om korleis de har retta. De bør gjere greie for

- kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er 05.04.2024.

8 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforma klaga.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Elisabeth Ur Fjørtoft
tilsynsleiar

Ragnhild Otto

Lina Bryne Larsen

Liste over dokumentasjon

Frå kommunen:

1. Årsplan for tilrettelegging av et godt sosialt skolemiljø for elevene
2. Styringsdialog/dialogmøte med skulane
3. Rapport fra skolene om status arbeid med psykososialt skolemiljø, tirs 10.03.20
4. Kvalitetsårshjul skoleåret 2023/2024
5. Organisasjonskart
6. Stabsorganisering
7. Organisasjonskart - politisk
8. Resultatområde
9. Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt på skulen krenker eleven(e)
10. EHMS V2 Elevsamtaleskjema
11. EHMS V4 Observasjonsplan
12. EHMS V5 Tiltaksplan
13. Aktivitetsplan – tiltak §9a BM
14. Dokumentasjon varslings og undersøkelse
15. EHMS 03 Prosedyre for håndtering av saker når en ansatt krenker elev(ene)
16. Håndtering av elevvansker - Compilo
17. Sjekkliste skulesjef - Compilo
18. Årsplan skolemiljø - Compilo

Frå skulen:

1. Logg over varsel aktivitetsplaner Grinde skule
2. Eksempel på skjerpet aktivitetsplikt
3. Plan for et trygt og godt skulemiljø - Grinde skule
4. Rutine; aktivitetsplikt – Rutine; skjerpet aktivitetsplikt
5. Regelverk om skolemiljø – nulltoleranse mot mobbing
6. Grinde skule – Tilsyn skoleåret 2023/2024
7. Utviklingstid skoleåret 23/24
8. Rutiner for å trygge elever og foresatte etter hendelser
9. Rutiner på Grinde skule ved negative og eller uakseptable hendelser
10. Tiltakstrapp ved uakseptabel atferd/krenkelser
11. Aktivitetsplaner og dokumentasjon i saker

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

